Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leinstrand

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad

Gard:

(adresse): Heimdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Ja, endå arden er meir og meir gått av bruk, med det hesthakka har løyst den av.

II a) Finnest delvis i bruk, men svert lite (Sjå svar I)
b) Nei, det har eg aldri høyrd.
c) Nei. Med harv.

III a) Ja, det var helst til dette bruk.
b) Nei, det veit eg ikkje om.

IIII a) Eg har nok set desse typene, men helst på museum.
b) Som ovanfor.

V Nei. Eg minnest ikkje anna enn „skaklar". d. v. s. taug eller kjettingar festa til ei blokk.

VI a) Det var skafta (helst to), åsen og skjæret.
b) I bygdamålet mitt var det „skaklar".

VII Nei, det har eg ikkje høyrd.

VIII Ja, veltefjøler, ei lita til kvar side.
Vi kalla det iallfall ikkje „århev".

IX Nei.

X Nei, berre køyrekaren kunde ordna lite med dette. Men nokon stor skilnad kunde det ikkje verta.

XI a) Sjå punkt 4.
b) Ja, berre til å få opp rader (renner) med og til hypping av potet og liknande.
c) Aldri på kryss og tvers på åkeren.

3207

XI d) Sume tider var det ristil i dei meire fullkomne.
e) Veltefjölene var ikkje skillbare. Dei eldste hadde nok veltefjöler av tre, men det kan eg ikkje minnast. Dei seinare tid var dei av jarn.

XII Dei var nok oftast laga heime, eller av ein hendig mann i grenda.

XIII a) Ja.
b) Smått om senn for 40-50-60 år sea.
c) Ja. Her hadde vi ein flink plogsmed på Heimdal. Han heitte John Moen, og plogarne hans var gjerne kalla „Heimdalsplogar".
d) Prisen var ikkje hög, men nokon fast pris kan eg ikkje gje opp. (Jau, no har eg tala med sonen til John Moen, og han kunde fortelja at far hans tok 28 kr. for ein vanleg plog, og var det skomskjer og meire moderne utstyr var prisen 32 kr. Dette var omkring århundreskiftet og litt fyrr.

XIIII a) Nei.
b) På Heimdalsplogarne var veltefjöla vridd og av jarn. Skjæret var ~~var~~ ofte stålsett og kunde „settes opp" når det var noko slitt. Sålen på desse plogarne var av jarn.

XV Nei, det har eg aldri höyrd gjeti.
Hende det det la seg mold på fjöla, sparka dei ho av med foten. Ristillen vart av og til slipa for å skjæra torva godt. Denne var skillbar og festa på åsen.

XVI Som regel på flatsia, men når ein skulde



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

svingi av til nýe „forr", kunde ein kasta den om, så plógen kom nærare forra så det ikkje vart så langt å draga den.

XVII Ja. det var ofte tilfelle. Ogå for at „togó" (framme i åsen til feste for skaklarne) ikkje skulde nå ned i jorda. Noko som skild namn på denne har eg ikkje höyrd.

XVIII Ja. På bakkete gardar var dei simpelt hen nöydde til å ha båe sortar for å kunne plöyje bakkarne.

XIX a) Umlag 3-4 tommar. eller deromkring.
b) Ofte med ein trekloss fastslege til åsen. Seinare med eit metallhjul, som kunde stillast opp eller ned, ettersom ein vilde ha djupare eller grunnare forrer. Eg trur ikkje eg har höyrd noka serskild namn på dette.

XX Ja.

XXI Nei.

XXII Ja. På garden fanst ofte ei steindrog, tremeiar med tverrtre oppå, og den var bruka til å köyre både plog og harv.

XXIII Nei. (Sjå om Heimdalsplogen.)
Namna var: Skafta. åsen. togo (som hadde fleire hol, så ein kunde stille den inn slik at ein fekk breidare eller smalare forrer. Det kunde koma an på korleids hestane gjekk, om det var bratt lende o.s.b.) Så var det plogfjøla, skjær, ristill, sålen. Eg har aldri höyrd nokon har kalla plogåsen for ardåsen. Ård uttales her med tjukk l. (Årt).
Haukjörn både om at og plog. som er uttalen av denne.

3207

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING